



Hardanger

Golfklubb

Årsmelding 2024

Årsmøte 5. mars 2025

Innleiing

Styret

Styret i Hardanger golfklubb har ved utgangen av valperioden frå 02.2024-02.2025 vore:

- Leiar Harald Buene
- Nestleiar Jostein Solberg
- Kasserar André Ellingsen
- Sekretær Trude Birknes Buene
- Styremedlem Jon Klyve
- Styremedlem Marita Skåre
- Varamedlem Richard Børven

Styret har hatt 7 møte og handsama 50 saker i 2024.

Grupper/Underkomitear

Klubben har følgjande underkomitear:

Informasjonskomite: Richard Børven, Inge Kjetil Tordal og Jonas Høgenæs Klyve

Banekomité: Jostein Solberg og Harald Buene

Turneringsleiarar:

Klubbtureringar, herunder serietureringar: Lars Audun Torvik

Seniorturering: Gerrit Remeijer og Andre' Ellingsen

Valkomité:

Leiar: Vidar Østerbø

Medlem: Gerrit Remeijer

Rekneskapsfører: Ført av André Ellingsen med bistand frå Azets Hardanger v/Kari Lunestad

Kontrollkomité:

Leiar: Oddvar Vangdal

Medlem: Isak Haugen

Varamedlem: Rolf Brynjulf Bergesen

Sponsorarbeid: Erling Neteland

Golfbox administrator: Harald Buene

Medlemmer og rekruttering

Pr 31. desember 2024 har vi 238 medlemmer, det vil seie heile 37 fleire enn det vi hadde på denne tida i fjor. Det er ei vedvarande positiv framgang me har sett dei siste fem åra.

Som i fjor, er det ungdommen som dominerer i medlemsgruppa! Her har vi 49 personar under 18 og tek vi med gruppa 19-24 år er det 84 medlemmer.

Som tidlegare år, er det klart fleire menn enn kvinner som er aktive i idretten, faktisk så mange som nesten 4 gonger fleire menn.

Litt om sesongen 2024

Vegen til Golf

Som vist på heimesida til Hardanger golfklubb har det blitt arrangert tre VTG-kurs med Harald Buene som instruktør. I alt 49 deltakarar. Harald har også vore representant for klubben på Golfforum 2024.

Trening med elevar frå skular i Kvam. Som i fjor har vi hatt trening med elevar frå:

- Kvam vidaregåande skule
- Kvam ungdomsskule, 8., 9. og 10. trinn
- Kvam LSK

Vi vil takke alle dei frivillige instruktørane som velvillig stilte opp, og takk til gruppene som viser interesse for den flotte golfspporten!

Konkurransar

17. april slo me i gang den første Serieturninga, og Seniorturninga måndag 6. mai. Førstnemnde turnering vart avslutta 4. september, som var den 9. turneringa i serien.

Seniorturneringa vart avslutta etter 6 rundar den 2. september. Vi har arrangert Flaggturnering, Grillturnering, 3-kølletturnering og Klubbmeisterskap. I tillegg har seniorgruppa arrangert Pokalkamp mot Bjørnafjorden. Vinnarane vart Hardanger GK. Klubbmeisterskapet hadde vi planar om å spela over 2 dagar i helga veke 34, men måtte flytte denne til helga etter grunna dårleg vêr. Grunna svært våte forhold vart klubbmeisterskapet spelt kun søndag 1. september over 18 hol.

Vi vil få retta ein spesiell takk til Lars Audun Torvik, Andre Ellingsen, Svein Lund og Gerrit Remeijer som også i år sytte for at turneringane vart gjennomført etter boka , og at det var kaffi og noko attåt før me starta.

Resultat

Klubbmeistrar 2024

Damer: Anita Solberg

Herrer: Jon Klyve

Serieturnering 2024

Damer: Randi Hjemlestad

Herrer: Gert Remeijer

Alle dei andre resultatata finn de i Golfbox og på heimesida vår [Heim - Hardanger golfklubb](#).

PR og informasjon


Heimeside

Den profesjonelle heimesida vår som Glynt har laga og som vi driftar sjølv, har blitt populær blant både medlemmer og folk utanbygdes frå. Vi ynskjer framleis at så mange medlemmer som mogeleg melder seg på nyhendebrief via linken nedst på den nye heimesida.

Golfbox og Gimmie-app

Golfklubben og medlemmene har dei siste åra nytta Golfbox både som registrering av eige spel og resultat under turneringar i fleire år. Denne er no administrert gjenneom Gimmie-appen. Dermed er booking av tee-time, føring av scorekort, turneringar og publiseringar av nyhende gjort gjennom Gimmie-appen. Grunnen til byttet er at Gimmie tilbyr ein rekke funksjonar som ikkje Golfbox har. Appen har ein Greenkeeper-funksjon der ein kan leggja inn alt av vassledningar, straumkabler, vatningsanlegg og anna utstyr på golfbanen. Den gjer deg også ein baneguide og har også ein innebygd GPS-funksjon som gjer deg avstand inn til green frå kor som helst på banen. I tillegg har Gimmie-appen også presise baneguidar til andre banar rundt i Skandinavia og Europa.

Organisasjonsplan for Hardanger golfklubb



Lover og vedtekter

Styret innførte oppdaterte lover og vedtekter som vart gjeldande på årsmøtet frå 2024.

Verksemdplan

Det vart laga ein verksemdplan som vart vedtatt på årsmøtet i 2024, og er gjeldande for perioden 2024-2028. Planen viser kva som er klubben sine kortsiktige og langsiktige mål, kva verdiar klubben vektlegg og korleis me skal få klubben til å veksa i lokalsamfunnet ved å dra inn unge og vaksne golfspelarar. Planen er òg nyttig når det skal søkjast om økonomiske midlar eller i møte med sponsorar.

Årsmelding frå banekomiteen

Første delen av sesongen var tørr og fin, mens utpå sommaren og utover hausten vart det som alle veit svært våt. Hovudutfordringa med å få på plass ei pumpe som hever vasstrykket til vatninga av greenane fekk me etter kvart på plass. Dessverre litt seint slik at me fekk nokre

skader på nokre av greenane. Resten av dette arbeidet, samt montering av reduksjonsventil til «Lunden» vert gjort ved oppstart våren 2025.

Me starta i 2023 å registrera dugnadstimar i Golfbox for å prøva å ha ei viss oversikt over kor mange timar med dugnad det vert utført for klubben. Det vart i 2023 registrert over 220 timar med banearbeid og i 2024 over 600 timar, men det er heilt sikkert ein heil del timar som ikkje er registrerte. Grunnen til at me gjer det er at me ynskjer å ha ei viss oversikt over dugnadstimar som vert brukt i klubben. Dette er viktig å ha med når ein søker om økonomisk støtte til ulike prosjekt.

Noko av arbeidet som er utført i 2024:

- Vårdugnad og klargjering av banen i slutten av april.
- Kjøpt inn 3 stk. nye Robotklipparar (hol 1, 2 og 4).
- Montert mast for styring av dei 2 nye robotklipparane på hol 2 og 4.
- Rydding av skog i «dog-leg» hol 1, mellom hol 2 og 3 samt rydding av plass for nytt utslag på hol 5.
- Bygd 3 nye utslagsramper (hol 3, 5 og 6).
- Holpiping/lufting samt dressing av greenar er utført 2 gongar.
- Ballplukking og grasslått på driving-range. (Dugnad og litt leige frå LT-Hordaland).
- Klipping av rough og tilsyn av banen (tøming av bos og sjå at alt er OK).
- Diverse klipping av gras rundt tee-boksar, vegar +++
- Vedlikehald/ettersyn og reparasjonar av maskinparken.
- Sloping av banen.
- Nytt sikkerheitsnett på driving-range.

Me valde også denne sesongen å dela arbeidet med ballplukking og klipping av gras på driving-range på litt færre personar, og i tillegg leigde me inn Are Fagervik via LT-Hordaland. Are har også hatt tilsynet med robotklipparane gjennom sesongen. Klipping av greenar har vore gjort noko på dugnad og noko av LT-Hordaland v/Arunas. Maskinparken har fungert bra, men det har vore nokre større reparasjonar på fairway-klippar. Her har me heldigvis kunna bruka brukte deler frå den gamle klipparen. Takka vera Ole Johnny Gule så fekk me fiksa dette fort. Robotklippar på hol 1 har dessverre vorte øydelagt pga. for mykje vatn på banen, så den er kjøpt ny og me prøver å få den dekkja på forsikringa.

Mange har gjort mykje dugnad for klubben for å halda banen fin. Me vil ikkje nemna namn, for då er det lett å gløyma nokon. Men me vil spesielt takka Ole Johnny Gule for hans innsats med vedlikehald på maskinar og ikkje minst alle timane han har brukt på grasklipping med den fjernstyrte klipparen sin. Utan denne på rough-klipping i haust, så hadde det vorte vanskeleg å gjennomføra klubbmeisterskapet.

Anlegg og utstyr

Det har vorte investert i 3 nye robotklipparar, nytt sikkerhetsnett på drivingrange og ein del nye utslagsmattar denne sesongen. Dei som har gått flest timar nærmar seg sakte men sikkert utskifting, og dette er ein kostnad som vil koma framover.

Ting som må gjerast i løpet av 2025:

- Fjerna diverse tre rundt om på banen(her vert det dugnad)
- Vårdugnad
- Drenera dei våte områda på driving-range mot utslagsområdet
- Reparera vegen opp til garasjen (i samarbeid med grunneigarane)
- Få ferdigstilt arbeid med vasspumpe for vatning av greenar
- Dressing av greenar

Ting som me har lyst å få til i løpet av 2025:

- Laga green 1 litt mindre og kanskje laga ein bunker i bakkant mot vegen.
- Bygga opp og heva green 2 i bakkant.
- Grøfta fairway på hol 1 opp mot green.
- Drenera svært vått område v/dog-leg på hol 5.
- Laga ny gangveg mellom øvre og nedre platå for fairway 1.
- Setja opp det gamle sikkerhetsnettet i enden av driving-range.

Banekomiteen takkar alle som har bidrege i løpet av sesongen. Håpar samtidig at endå fleire kan stilla på dugnadar i komande sesong.

Medlemskontigent

Kategori medlem	Pris kr
Vaksen: 20 år og over	1.500,-
Ektefelle/sambuar	1.000,-
Student	1.000,-
Born og ungdom under 20 år	300,-

Greenfee:

HGK medlem	Pris kr. – Alle dagar
Vaksen	200,-
Ungdom under 20 år	100,-

Gjestespelar vaksen	200,-
Gjestespelar ungdom under 20 år	100,-

Partsbrev (Partseigarar): Kr 15.000,- gjev fri spelerett i 5 år.

Serviceavgift: For partseigarar med partar (lutar) til lågare pris enn kr 15.000,- og for partar til kr. 15.000,- som har hatt 5 avgiftsfrie år: Kr. 1 400,-.

Årskort (fri spelerett i 2024):

Vaksen frå 20 år og over: kr. 2.000,-

Studentar: kr. 1.000,-

Born/ungdom under 20 år: kr. 300,-.

Årskort og greenfee

Dette er den nest største inntektskjelda til klubben. Det vart betalt inn kr 66.275,- i greenfee og kr 177.093,- i årskort. Til saman kr 243.368,-.

Sponsorinntekter

Det kom inn kr 104.500,- sponsorinntekter i 2024. Dette er svært bra og klubben vil takka alle som bidreg på denne måten og viser så stor interesse for aktiviteten til klubben! Vi set umåteleg stor pris på at sponsorane opplista nedanfor har gjeve midlar til klubben. Pengane har gjort at vi har kunna drifta anlegget godt til glede og nytte både for bygdefolk og besøkjande. Mange som ikkje spelar golf skryter av banen og seier den ser ut som den flottaste park.

Sponsorane våre

Generalsponsor Sparebanken Vest (kr. 25 000,- pr. År, premier / pokaler og rangeballe med logo) ved kontaktperson May Turid Tømmervik har hatt kontakt med styret om banken sitt sponsorarbeid. Kontrakt er lagra i www.styreweb.com.

Hovudsponsorar (kr. 10 000,- pr. År): ØMV Bilsenter, Botnen Entreprenør AS, Gules landbruksverkstad og Kleppe Møbel

Holsponsor A (kr. 5 000,- pr. År): GBS A/S, NLT Hordaland, Kvammabygg, Thon Hotell, Mekk Norheimsund, Hardanger Trefelling AS

Holsponsor B (kr. 2 500,- pr. År): Monter Kvam, Mo Sport, Norheimsund Elektro, Fargerike Norheimsund Fargehandel AS, Blikkenslager Flotve, FK Kvam Fruktlager, Toyota Norheimsund, Nils Aksnes &Co AS, Lid Jarnindustri, Hardanger maskinstasjon AS,

Spesialavtale (kr. 8 000,- pr. År): Kvam kraftverk

Ballmaskina

Denne har vore svært positiv for klubben i år også. Det er tydeleg at å stå på drivingrangen og trene har vore ein populær aktivitet. Kr 175.992,- netto har kome inn her, som er ei betydeleg auke sidan året før.

Tilskot

Vi har motteke tilskot på kr 131.985,- i 2024 frå:

- Kvam Herad
- Sparebanken Vest
- Sparebankstiftinga
- Norges Idrettsforbund

Vi takkar for støtta og vil arbeida nøye med å få til gode løysingar for dei tiltaka som vert planlagt gjennomført.

Norheimsund 05.03.2025

Styret i Hardanger golfklubb

Leiar: Harald Buene

Nestleiar: Jostein Solberg

Kasserar: André Ellingsen

Sekretær: Trude Birknes Buene

Styremedlem: Jon Klyve

Styremedlem: Marita Skåre

Varamedlem: Richard Børven

Resultatrapport

HARDANGER GOLFKLUBB
985377979

Regnskapsår: 01.01.2024 - 31.12.2024

Gjelder periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

	Periode	Akkumulert
Driftsinntekter		
3400 Spesielle offentlige tilskudd	131 985,00	131 985,00
3410 Norsk Tipping	20 177,64	20 177,64
3443 Sponsor	100 000,00	100 000,00
3444 Spnsorinntekt	104 500,00	104 500,00
3920 Medlemskontingenter	234 557,14	234 557,14
3922 Turneringer	42 789,30	42 789,30
3923 VTG kurs	30 700,00	30 700,00
3930 Årskort	177 092,86	177 092,86
3940 Greenfee	66 274,81	66 274,81
3945 Ballmaskin	175 991,80	175 991,80
3990 Andre inntekter	30 714,00	30 714,00
	1 114 782,55	1 114 782,55
Driftskostnader		
6010 Avskrivninger transp.midler, maskiner og inventar	-66 614,00	-66 614,00
6300 Arealleige	-175 036,35	-175 036,35
6321 Vaktmestertjenester	-110 370,20	-110 370,20
6340 Lys, varme	-7 828,82	-7 828,82
6360 Renhold	-1 490,50	-1 490,50
6420 Leie datasystemer	-20 849,21	-20 849,21
6431 Lisens NGF	-75 933,00	-75 933,00
6433 Lisenser	-3 500,00	-3 500,00
6540 Maskinkjøp	-40 237,49	-40 237,49
6580 Idrettsutstyr	-151 678,25	-151 678,25
6610 Vedlikehold gress/bunkere/lunden	-41 688,35	-41 688,35
6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr	-168 189,36	-168 189,36
6630 Vedlikahald/reperasjon bane	-52 098,36	-52 098,36
6700 Revisjons og regnskapshonorarer	-3 130,90	-3 130,90
6730 Avgift VTG H.B.	-7 000,00	-7 000,00
6805 Kursmateriell	-1 787,75	-1 787,75
6810 Kopiering/trykking	-15 176,50	-15 176,50
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	-6 100,00	-6 100,00
6870 Hjemmeside Glynt	-8 882,43	-8 882,43
6890 Annen kontorkostnad	-657,00	-657,00
6900 Telefon	-2 282,93	-2 282,93
6940 Porto	-2 773,11	-2 773,11
7000 Drivstoff transportmidler	-12 522,64	-12 522,64
7395 Øreavrundning	-0,63	-0,63
7420 Gaver/premier	-17 548,68	-17 548,68
7500 Forsikringspremier	-42 446,00	-42 446,00
7770 Bank og kortgebyrer	-452,00	-452,00
7798 Annen kostnad, fradragsberettiget	-59 825,00	-59 825,00
	-1 096 099,46	-1 096 099,46
Driftsresultat	18 683,09	18 683,09
Finansielle poster		
8050 Annen renteinntekt	16 677,00	16 677,00
8070 Annen finansinntekt	2 816,00	2 816,00
	19 493,00	19 493,00
Ordinært resultat før skatt	38 176,09	38 176,09
Ordinært resultat	38 176,09	38 176,09
Årsresultat	38 176,09	38 176,09

Balanserapport

HARDANGER GOLFKLUBB
985377979

Regnskapsår 01.01.2024 - 31.12.2024

Gjelder periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

	Ved periodens start	Endring	Ved periodens slutt
EIENDELER			
Anleggsmidler			
1200 Maskiner og anlegg	62 917,26	-15 729,26	47 188,00
1201 John Deer FW klipper	35 220,00	-8 805,00	26 415,00
1202 HiSun el.bil	65 520,00	-16 380,00	49 140,00
1203 Husqvarna Automower 535	0,00	47 493,00	47 493,00
1204 Husqvarna Automower AM550	0,00	110 089,00	110 089,00
	<u>163 657,26</u>	<u>116 667,74</u>	<u>280 325,00</u>
Omløpsmidler			
1509 Ikke reskontroførte kundefordringer	0,00	6 250,00	6 250,00
1920 Bankinnskudd 3450.35.42473	100 865,00	-3 587,72	97 277,28
1921 Bankinnskudd 3530.26.38940	330 797,83	194 827,00	525 624,83
1923 Bankinnskudd 3530.21.19013	294 557,93	-294 557,93	0,00
1950 Bankinnskudd for skattetrekk 3530.25.03751	9 421,00	0,00	9 421,00
	<u>735 641,76</u>	<u>-97 068,65</u>	<u>638 573,11</u>
SUM EIENDELER	899 299,02	19 599,09	918 898,11
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Egenkapital (innskutt og opptjent)			
2050 Annen egenkapital	-874 299,02	0,00	-874 299,02
Udisponert resultat			
Udisponert resultat	0,00	-38 176,09	-38 176,09
Sum egenkapital (inkl. udisp. resultat)	-874 299,02	-38 176,09	-912 475,11
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
2740 Oppgjørskonto merverdiavgift	-25 000,00	18 577,00	-6 423,00
Sum gjeld	-25 000,00	18 577,00	-6 423,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-899 299,02	-19 599,09	-918 898,11
Saldo	0,00	0,00	0,00

Revisjon av regnskap for 2024 for Hardanger Golfklubb

Regnskapet for 2024 er gjennomgått og funnet i orden.

Norheimsund/Øystese

26/2-25

Oddvar Vangdal

Jakob Sandven

Oddvar Vangdal

